



Spådomar: Korleis vil vêret og klimaet verta i framtida? Kanskje kan deltaking i eit nytt klimaprojekt gje nokre svar til kvemmingane. Biletet vart teke ved Movatnet for nokre veker sidan.

Arkivfoto: Sigbjørn Linga

Langtidsvarsel for hundre år

Prosjektet *Klimaservice i Hordaland (Hordaklim)* freistar spå kva klima og kva ekstremvêr kvemmingane kan venta seg i framtida.

BÅRD VALVATNE
valvatne@hf.no

Bak *Hordaklim* står Uni Research AS, som er eit forskingsselskap eigd av Universitetet i Bergen. Klimaforskar Erik Kolstad er prosjektlei.

– Det finst modellar som seier noko om kva klima ein vil få på Vestlandet dei neste hundre åra.

Hordaklim skal laga modellar som er langt meir lokale. Medan dei eksisterande modellane ser på klimaendringar i eit område på hundre kvadratkilometer, vil modellane me skal laga seia noko om klimaendringar i eit område på to til tre kvadratkilometer. Dette er heilt naudsynt på Vestlandet, der geografien gjer at ein kan ha store klimatiske skilnader innan eit lite område, fortel han.

Brukar supercomputer

Prosjektet starta 1. januar i år, og skal halda fram ut 2017. Kolstad fortel at fem forskarar arbeider med *Hordaklim*. For å spå vêret dei neste hundre åra, får forskarane hjelp frå ein kraftig datamaskin som står på Høgteknologisenteret i Bergen. Store mengder klimadata vert køyrde gjennom maskinen. Trass stor datakraft kjem datamaskinen til å bruka om lag eitt år på å gjera ferdig dei lokale modellane.

For å kunna seia noko om kli-

maet i framtida, må dei nye klimamodellane samanliknast med informasjon om klimaet i dag. I tillegg til å samla informasjon frå eksterne kjelder, samlar forskarane inn informasjon sjølve. I haust sette forskarane til dømes ut nedbørsmålarar på Osterøy.

– Vanlegvis spreier ein slike målarar over eit stort område, men me valde å setja alle målarane innanfor ein radius på tre–fire kilometer. På den måten får me svært lokale målingar. Me vurderer å setja opp slike målarar i Kvam og, men det vert ikkje før til våren, seier Kolstad.

Lytta til brukarane

I tillegg til å gje tilsette i kommunane informasjon om kva vêr dei kan venta seg, skal *Hordaklim* betra kontakten mellom forskar-miljøet og brukarane av informasjonen.

– Kontakten mellom forskar-miljøa og til dømes kommunane

har tradisjonelt vore dårleg. For oss som driv *Hordaklim* er det svært viktig å få klarlagt kva klimainformasjon kommunane treng, seier Kolstad.

Møteverksemd og samtalar vert difor viktige. I november vart det arrangert ein idéverkstad i Øystese, der representantar for samarbeidspartane møttest. Nye møte og verkstader er planlagde til våren.

Nyttig kunnskap

Kvam er ein av fire kommunar som er med i *Hordaklim*. Kommunen vart invitert til å delta for Hordaland fylkeskommune, fortel teknisk sjef i Kvam, Lars Ese Ur.

– Prosjektet vil gje oss data me kan bruka i samband med planlegging. Anten direkte i regulering av kommuneplanarbeid, men òg når me skal analysere og kartleggja skred- og flaumfare i kommunen. Informasjonen kan vera nyttig i samband med samfunnsplanleg-

Slagsmål i Ålvik

Ein person kom til skade då det oppstod krangel og slagsmål ved Kafé Kraftstasjonen i Ålvik natt til tredje juledag.

– Ein av dei involverte ringde til politiet og sa at han var blitt angripen og slått, og me sende ein patrulje til Ålvik for å roa situasjonen. Det er ukjent kva som er bakgrunnen for konflikten, seier lensmann Terje Sperrevik i Kvam og Samnanger lensmannsdistrikt.

Ifølgje Sperrevik er ikkje saka meldt til politiet.

ging, seier Ur.

Ur fortel at deltakinga i prosjektet ikkje kostar noko for Kvam, ut over at nokre tilsette i kommunen brukar litt av arbeidstida til å arbeida med prosjektet.

FLOD OG FJØRE

Tysdag 29. desember	
Flod	01.31 – 13.46
Fjøre	07.17 – 19.53
Onsdag 30. desember	
Flod	02.14 – 14.27
Fjøre	07.53 – 20.35
Torsdag 31. desember	
Flod	02.56 – 15.08
Fjøre	08.31 – 21.29
Fredag 1. januar	
Flod	03.39 – 15.53
Fjøre	09.14 – 22.09
Laurdag 2. januar	
Flod	04.27 – 16.43
Fjøre	10.07 – 23.10
Søndag 3. januar	
Flod	05.21 – 17.42
Fjøre	11.17
Måndag 4. januar	
Flod	06.25 – 18.50
Fjøre	00.18 – 12.37
Tysdag 5. januar	
Flod	07.32 – 19.58
Fjøre	01.23 – 13.47
Temperaturane på Kaldestad, veke 52:	
Minimum	- 4,7
Middel	2,0
Maksimum	8,2

ANNONSAR

Næringsannonser:

Sjå annonseprisar på hf.no og ring eller send e-post for tinging.

Privatannonser (kan tingast på hf.no):
Rubrikk 1 (16 mm høg) kr. 120,- inkl. mva.
Rubrikk 2 (34 mm høg) kr. 225,- inkl. mva

ANNONSEFRISTAR

Måndag og torsdag: kl. 09.00
Fredag og onsdag: kl. 12.00 for annonser som er større enn modul 22 og for annonser med korrektur



Hordaland Folkeblad

Postadresse:
Boks 94
5601 Norheimsund

Avisa kjem ut tysdag og fredag.

Telefonnummer 56 55 00 20
Faksnummer 56 55 00 21
Tipstelefonnummer 90 13 11 88

E-postadresser:
Forretningsavdeling: annonse@hf.no
Redaksjon: redaksjon@hf.no

Kontaktinformasjon:
Dagleg leiar Camilla Skaar:
56 55 00 20 / annonse@hf.no
Redaktør Sigbjørn Linga:
56 55 00 24 / linga@hf.no
Journalist Lars Arvid Oma:
56 55 00 22 / oma@hf.no
Journalist Vilde G. Oppedal:
56 55 00 25 / oppedal@hf.no
Journalist Bård Valvatne:
56 55 00 26 / valvatne@hf.no

Tips HF! SMS: Skriv <tipshf> fyrst i meldinga og send til 2470. MMS: Skriv <tipshf> i emne-feltet og send til 2470. Tenesta kostar éi krone.

Produksjon/sats:
Riss grafisk formgjeving AS
Tlf. 56 55 36 53
Trykk: Schibsted trykk Bergen AS,
5257 Kokstad

Bladpengar:
Ordinær pris: Kr. 950 per år
Studentpris: Kr. 60 per måned

Bankgiro:
3530.05.00275
3530.21.03109 (berre bladpengar)